

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016

Sigbjørn Framnes (Frp) sette på vegner av Frp, H, V og KrF fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune meiner at ferjefri E39 er det viktigaste nasjonale prosjektet på Vestlandet for å knyte Vestlandet saman til ein bu- og marknadsregion. Utbyggingskostnader må vektast opp mot regionale og lokale viktige arealverdiar, samstundes som regional og lokal nytteverdi også må spele inn."
2. Hordaland fylkeskommune tilrår alternativ 5 med lang tunnell forbi Landåsen som beste løysing for ny E39 mellom Heiane og Ådland på Stord. Alternativt må ein sjå på tilstrekkeleg kompenserande tiltak dersom andre alternativ vert valt. Dette for å redusere negative konsekvensar for kulturminne og landskap, og bidra til positive konsekvensar for friluftsliv."

Røysting

Framnes sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot 6 røyster (A, Sp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at ferjefri E39 er det viktigaste nasjonale prosjektet på Vestlandet for å knyte Vestlandet saman til ein bu- og marknadsregion. Utbyggingskostnader må vektast opp mot regionale og lokale viktige arealverdiar, samstundes som regional og lokal nytteverdi også må spele inn.
2. Hordaland fylkeskommune tilrår alternativ 5 med lang tunnell forbi Landåsen som beste løysing for ny E39 mellom Heiane og Ådland på Stord. Alternativt må ein sjå på tilstrekkeleg kompenserende tiltak dersom andre alternativ vert valt. Dette for å redusere negative konsekvensar for kulturminne og landskap, og bidra til positive konsekvensar for friluftsliv.